

## Referat

### Møte i Arbeidsgruppa 13.4.2010

Stad: Kommunehuset, Tokke kommune, Dalen

Frammøtte: Jon Tvittekkja (Vinje kommune), Marilyn Marskar (Statkraft), Arne Kjellsen (fylkesmannen), Olav Bjørn Bakken (Tokke kommune), Svein Henry Ekre (Tveitevatn fiskelag).

#### 1. Referat frå møtet i arbeidsgruppa 21.1.2010

Arbeidsgruppa var nøgd med fyldig referat.

Eit par merknader:

Kva skjer med Hovdestadmoen? Det skal lagast ein plan for avslutning av slamdeponiet. Planen skal godkjennast av fylkesmannen. Prosjektleiari (Kiland) blei beden om å vende seg til miljøvernavingdelinga ved Ingvar Oland med spørsmål om kva som vil skjje med deponiet.

Det er sett av pengar på kommunebudsjettet for Vinje til å sanere dei gamle slamlagunane ved Kjelaåi (Sigridnes). Prosjektleiari sender brev til Utval for teknisk drift og bed om å få vite kva som blir gjort.

Statkraft har i møte med Fylkesmannen bestemt seg for å lyse ut eit oppdrag på prøvafiske i Tveitevatn og Grungevatn, inkludert undersøking av rekruttering ved bruk av elektrisk fiskeapparat.

#### 2. Tilstanden i Grungevatn/Tveitevatn

Tilstanden i Tveitevatn/Grungevatn og Lonine blei gjennomgått og dokumentert med bilete. Det blei referert til brev frå Elisabeth Kringlebu og Sigrid Torgrimsen og til innspel frå Tveitevatn fiskelag ved Svein Henry Ekre.

Av eldre flybilete (frå før reguleringa) ser det ut til at dei store belta med elvesnelle som kjenneteiknar situasjonen i dag ikkje var synlege før reguleringa. Uttak av tetningsmasse frå Mosshyl til dammen til Førsvatn i 1970-åra førte til oppkverving av store mengder finstoff som blei skylt nedover i vassdraget. Der har også vore andre episodar, mellom anna i samband med sikringsutlaup frå Venemo og diverse andre tunnel og gravearbeid i vassdraget. Masseuttaket i utlaupsområdet til Kjelaåi har fjerna dei grunnane og øyane som tidlegare var med på å halde att noko av sedimenttransporten i elvedeltaet.

Vegetasjonen av høgare vassplantar er eit av 4 element som blir nytta for karakterisering av miljøtilstanden i innsjøar (i tillegg til fisk, plankton og vasskjemi). Ein bed om at det blir gjort nøyare undersøkingar av vegetasjonen i samband med overvåkingsprogrammet i 2010.

Sterk algevekst er eit fenomen som er blitt særleg merkbar dei siste åra. I følgje undersøkingar i 2009 er den økologiske tilstanden ut i frå algefloraen karakterisert som svært god, både i innlaup og i utlaup frå Grungevatn (Tor Erik Eriksen, i brev 17.9.2009). Det er ikkje funne nedbrytarar (teikn på organisk ureining). Mykje algar fører likevel til større mengder organisk materiale som under nedbryting kan gje

oksygenmangel. Situasjonen bør følgjast nøye gjennom overvakingsprogrammet.

Dei vasskjemiske resultatane frå Tveitevatn viser noko høgt innhald av fosfor og nitrogen, høgt innhald av klorofyll (16µg/l) og svakt grønleg farge. Dette bør følgjast nøyare opp. Vassprøver frå to ekstra stasjonar i 2009 viste svært dårleg tilstand for vasskjemi på stasjon 44 utanfor Rismyr (Grungevatn) og moderat tilstand på stasjon 43 (Tveitstrondi, Tveitevatn). Dette er mindre bekkar som er prega av tilsig frå landbruk (husdyrgjødsel) og spreidde kloakkavløp.

Prøvene av botndyr i innlaupet og utlaupet av Grungevatn 2009 viser moderat tilstand sommar, men god tilstand haust.

For å betre tilstanden i vatna/hindre vidare attgroing kan fleire tiltak vera aktuelle. Det er viktig at dei ulike sektorane følgjer opp sitt ansvar for å nå målet i Forvaltningsplanen. Vassføring er eit sentralt verkemiddel. Gruppa vil rå til at ein nyttar uttrykket miljøbasert vassføring i staden for minstevassføring. Miljøbasert vassføring i form av spyleflaumar bør prøvast ut under ein 3 – 5 års prøveperiode. Tilførsel av nitrogen frå Vågslis reinseanlegg kan gjera det ønskjeleg å ta spylevatnet frå Langeidvatna via Vafoss.

Dette var også eit spørsmål som blei stilt i høve til den ordinære minstevassføringa i vassdraget, som nå i stor grad kjem frå Vågslivatn. Totak er truleg ein betre resipient for vatnet frå Eivindbuvatn/Vågslivatn enn Tveitevatn/Grungevatn. Pålegget om minstevassføring på 2 m<sup>3</sup>/s frå Hyljelihyl bør vurderast dekt frå Vestvatna (Langesæ/Førsvatn) i staden.

### **3. Konesjonssøknad masseuttak i Kjelaåi, gnr/bnr 88/15**

NVE har i medhald av Vassressurslova pålagt grunneigaren å søke konsesjon før han eventuelt får løyve til å halde fram med aktiviteten i utlaupet av åa. Arbeidsgruppa meiner uttaket har vore svært uheldig for Tveitevatn/Grungevatn og vore med på å forsterke attgroingsproblemet i desse vatna. Det er nå søkt om konsesjon for vidare drift av masseuttaket, gjennom GM Service. I følgje søknaden kan det vera aktuelt å halde fram med uttaket i minst 15 år til.

Arbeidsgruppa er negative til at det blir gjeve konsesjon, og bed prosjektleiar skrive ein uttale som gjeng i mot søknaden. Uttalen blir skriven på vegne av Vassområdeutvalet (dvs Kraftutvalet) og lagt fram til vedtak i utvalet i neste møte 12. mai. Høyringsfristen er 23. mai. Arbeidsgruppa bad også om at søknaden blir sendt til miljøkoordinator Jostein Kristiansen i Statkraft.

### **4. Rammeavtale for overvakingsprogrammet vidare framover**

Innkjøpscenteret for Buskerud, Telemark og Vestfold (BTV Innkjøp) skal lage utkast til rammeavtale som vil gjelde for 3 år framover. Arne Kjellsen la fram nokre tankar om storleiken på budsjettet. I fjor kosta overvakinga kr 435 000 + rapport (10 000 kr). Arbeidsgruppa slutta seg til tankar om å redusere talet på stasjonar betydeleg i 2010 og konsentrere seg om færre parametarar og stasjonar der tidlegare prøver har vist teikn på usikker/mindre god tilstand. Kjellsen meinte det kunne vera behov for å bygge opp ein reserve i tilfelle ekstra behov.

Arbeidsgruppa bad Kjellsen om å legge fram eit forslag til overvakingsprogram, med kostnader. Analysekostnader pr parameter bør kome fram. Det blir teke utgangspunkt i eit alternativ med eit budsjett

på 400 000 kr. Forslaget blir sendt til kommunane ved Olav Bjørn Bakken. Grappa meiner det er naturleg at også Statens Vegvesen blir med og dekker ein del av utgiftene til programmet.

## 5. Sektoransvaret for å følgje opp måla i Forvaltningsplanen

Resultatet frå overvakingsprogrammet i fjor kan tyde på at der er enkelte lokale ureiningsproblem som ikkje blir fanga godt nok opp. Eit døme er tydeleg kloakktilførsel til Farhovdtjønna i Rauland (øvt i Sauråi). Tilførsla kjem frå private utbyggingsområde. Leidningsnett og pumpestasjonar fram til kommunalt nett er privat, og i motsetnad til den kommunale delen av nettet er ikkje dei private pålagt rapporteringsplikt i tilfelle feil på pumpestasjonar og leidningsnett. I enkelte kommunar er det krav om at kommunen står som ansvarleg byggherre for alle vatn og avløpsanlegg. Det kan også vera gunstig i høve til reglane om momsrefusjon. Arbeidsgruppa bed kommunane skaffe ein oversikt over drifta av private avløpsanlegg. Kommunane bør krevje "påseleppavtale" for tilknytning til kommunalt avløpsnett.

Ekre tok opp situasjonen med deponering av avfall ved Bora nedanfor Venemo. Her er det eit gammalt søppeldeponi, og kommunen bør ikkje stilleiande akseptere at folk får halde fram med å legge ymse hageavfall med meir her. Ein veit aldri kva som kan hamne i fyllinga, som har fritt avløp til Bora.

Elles meiner ein nå å ha sett ein stoppar for ureinsa utslepp frå Haukeli meieri, idet det i sommar blei oppdaga eit avløp som ein tidlegare ikkje skal ha vore klar over.

## 6. Eventuelt

Det blei gitt eit stutt referat frå seminaret som Statkraft arrangerte dagen før.

Neste møte i arbeidsgruppa er bestemt til onsdag 9. juni, i Vinje.

Aktuelle saker for møtet er oppfølging av Forvaltningsplanen, som ein da reknar med er endeleg godkjent. Vidare overvakingsprogrammet for 2010, med fiskeundersøkingar.

Sak om vegspørsmålet i Botnedalen og friviljuge restriksjonar gjekk ut, da ein meinte dette var tilstrekkeleg diskutert på seminaret til Statkraft dagen før.

Fyresdal 15.4.2010



Helge Kiland

